

Klar siger til A-laget.

09.05.2015



Marius S. Myklebust og Hermund L. Døssland med målscorar Sondre S. Myklebust innfelt.

Rosendal spela i dag A-lagskamp mot laget Bergkrystall som er heimehøyrande i Åsane. Dette laget er samansett av spelarar som opphavelig kjem frå Polen. Kampen vart spela i Rosendal, og spelet innleiingsvis viste tydeleg at bortelaget sine spelarar hadde ein solid spelarbakgrunn. Utover i kampen vart dei meir slitne så det spørrs kor solid treningsgrunnlag dei hadde.

Rosendal sleit med motstandarane i 1. omgang og bortelaget leia 2 - 1 ved pause. Utover i kampen kom heimelaget sterkare og sterkare. I 2. omgang scora dei 5 gonger utan at Bergkrystall fekk utteljing. Dermed vart sluttresultatet ein sterk 6 - 2 siger til Rosendal.

Det vert sagt at Rosendalstrenar Håvard Sætrevik kommuniserer godt med spelarane og er godt likt i spelargruppa. Dette er ekstra viktig i og med at det er mange unge spelarar i stallen. Spelet og resultata viser og at dei arbeider godt sammen.

I denne kampen spela 3 uskedelingar. Det var Hermund L. Døssland, Marius S. Myklebust og Sondre S. Myklebust som alle gjorde ein god innsats. Sondre laga også 3 av måla.

Bergkrystall låg før denne serierunden på 4.plass i 6.div. avd. 04 med 6 poeng medan Rosendal låg på 6.plass. Med dagens siger er Rosendal gått forbi.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Arkivfoto: Ragnvald Myklebust.